



MØTEINNKALLING

Organ: HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE
Møtestad: Sygna, Fylkeshuset
Møtedato: 12.05.2016 **Tid:** 13:30

Medlemene blir med dette innkalla til møte som nemnt ovafor. (Ev. forfall må meldast hit straks.)
Varamedlemer møter berre etter nærare varsel. Saksdokumentata er utlagde på *

SAKSLISTE

Desse sakene ligg føre:

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
17/16	16/3423 Økonomiplan 2017-20 - Prioritering av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren
18/16	16/3750 Skriv og melding til Hovudutval for samferdsle 12. mai 2016



Kun ikke vis det kobble bilde. Filen kan være flyttet, ha blitt tatt ned eller være slettet. Fortsatt er koblingen påker tilgjengelig og plassert.

HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
17/16 12.05.2016 16/3423 12368/16

Sakshandsamar: Lars Erik Lunde

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Hovudutval for samferdsle	12.05.2016	17/16

Økonomiplan 2017-20 - Prioritering av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 0,8 mill. kr vert lagt til Teneste 7300 – Buss – kjøp av teneste i 2017 og i økonomiplanperioden.

2 Hovudutval for samferdsle tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)

3 Hovudutval for samferdsle gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 0,8 mill. kr vert lagt til Teneste 7300 – Buss – kjøp av teneste i 2017 og i økonomiplanperioden.

2 Hovudutval for samferdsle tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)

3 Hovudutval for samferdsle gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)

Vedlegg:

1 Samledokument med samandraga på alle ferdigstilte utgreiingar – våren 2016

2 Samledokument med alle ferdigstilte utgreiingar og ev. eksterne uttalar

3 Saksprotokoll HS-sak 17/15 - Økonomiplan 2016-19 - Prioritering av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren

4 Vedlegg til saksprotokoll HS-sak 17/15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1 «BESTILLING» TIL HOVUDUTVALA FRÅ FINANSUTVALET

Den innarbeidde arbeidsdelinga mellom finansutvalet og hovudutvala tilseier at hovudutvala - som sektorspesialistar - får høve til å prioritere på eigen sektor, medan finansutvalet tek ansvar for å prioritere mellom sektorane. Med grunnlag i ei slik arbeidsdeling vert alle hovudutvala no invitert til å kome med følgjande innspel i høve økonomiplan 2017-2020:

- Gje ei prioritert rekkefølge på dei utgreidde tiltaka på eigne sektorar. Der utgreiingane er bygd opp slik at dei viser ulike nivå/tersklar for gjennomføring av tiltak, skal kvart nivå handsamast som eiga «prioriteringseining» i den samla prioriteringa.
- Gje ei tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet.
- Gje ei tilråding til korleis eit ev. uspesifisert innsparingskrav på sektorramma for 2017 skal løysast.
- Kome med ev. særskilte omprioriteringar på vedtekne innsparingskrav.

Eksterne søknadar om finansiell medverknad i 2017 vert å ta stilling til i hovudutvala og finansutvalet i september 2016.

I tillegg har finansutvalet bestilt følgjande oppdatering i høve opplæringsfartøyet «Skulebas»: «Opplæringsfartøyet «Skulebas» må gjennomføra ein ny klassing i 2019 som er kostnadskrevjande. I verdiskapingsplanen er det sett ei avklaring knytt til vidare drift av «Skulebas», eller eit nytt opplæringsfartøy, til 2018. Ein må difor få ei avklaring på kr 200 000 i prosjektmidlar slik at ein kan få prosjektert og kostnadsrekna eit nytt fartøy. Utval for næring og kultur må få fortløpande oppdatering i prosessen.»

I tråd med framdriftsplan vert punkta som går på framlagde utgreiingar lagt fram utan administrativ tilråding. I arbeidsdokument 3/16 har fylkesrådmannen tilrådd at følgjande malar kan nyttast til utforming av vedtak:

1. Hovudutvalet tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp:
2. Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:
3. Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet i 2017 på xx mill. kr vert fordelt slik: Teneste xxxx – xx mill. kr, osv.
4. Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak: Utgreiing #xx, namn på utgreiing, vert auka/reduisert med xx mill. kr, osv.

2 ØKONOMISK STATUS

Som følge av nytt inntektssystem frå 2015 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune ein monaleg reduksjon i det årlege rammetilskotet. Det vart etablert ei overgangsordning på 5 år, samt gjeve ein tapskompensasjon til dei fylkeskommunane som tapte mest på det nye inntektssystemet. Tabellen nedanfor viser Sogn og Fjordane fylkeskommune sin nettoreduksjon i rammetilskotet som følgje av nytt inntektssystem i 2016-kr.

Mill. kr	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Nytt inntektssystem - endring	-290,6	-290,6	-290,6	-290,6
Overgangsordning - kompensasjon	174,4	116,3	58,1	
Tapskompensasjon	80,4	80,4	80,4	80,4
Netto innteksreduksjon som følgje av nytt inntektssystem	-35,8	-93,9	-152,1	-210,2

Denne inntektssvikten i kombinasjon med høg lånegjeld, reduksjon i elevtal og svikt i lokale inntekter har gitt fylkeskommunens store økonomiske utfordringar, spesielt frå 2019 og utover.

I arbeidet med å tilpasse oss nye inntektsrammer er det etablert følgjande salderingsstrategiar:

1. Halde fram påverknadsarbeid for å betre eksterne rammeføresetnader
2. Arbeide for å redusere kapitalutgiftene gjennom auka lokale inntekter
3. Gjennomføre netto utgiftsreducerande tiltak på sektornivå (all fylkeskommunal drift)
4. Bruke fondsmidlar til å få balanse på kort sikt
5. Vidareføre kortsiktige tiltak på sektornivå til desse kan erstattast av langsiktige tiltak.

Gjeldande budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019 vart saldert i høve desse strategiane. Det er denne økonomiplanen som er utgangspunktet for arbeidet med økonomiplan 2017-2020.

I FT-sak 26/15 «økonomiplan 2016-2019» vart det vedteke mange utgiftsreducerande tiltak på sektornivå som er innarbeidd i økonomiplanen. Vidare vart følgjande vedteke: «Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/økonomiplanprosessen som vert gjennomført i 2016.».

Med grunnlag i dette har finansutvalet oppfordra hovudutvala til å bidra med prioriteringsarbeidet i høve iverksetjing av strategi nr. 3 «Gjennomføre netto utgiftsreducerande tiltak på sektornivå».

Førebels salderingsskisse, jf. arbeidsdokument 3/16

I arbeidsdokument 3/16, pkt. 2, vart det orientert om dei økonomiske føresetnadane i gjeldande økonomiplan. Vidare i pkt. 8 viste og kommenterte fylkesrådmannen førebels salderingsskisse slik:

	2017	2018	2019	2020
Utg.pkt: Balansert økonomiplan	0,0	0,0	0,0	0,0
Vurdering i a.dok 1: Ingen økonomisk vurdering				
Vurdering i a.dok 2: Ingen økonomisk vurdering				
Vurdering i a.dok 3:				
Reversering av sluttsaldering øk.plan 2017-2019	3,7	-14,8	-40,5	
Teknisk rullering av økonomiplanen				-61,6
Opplæring - justering av ramme - rekneskapsresultat 2015	-5,1	-5,1	-5,1	-5,1
Opplæring - justering av ramme -nye føresetnader	-7,1	6,0	0,7	-4,0
Opplæring - reduksjon i innsparingskrav 2019/2020			4,4	9,1
Lokale inntekter - ny prognose konsesjonskraft	11,0	21,5	26,9	21,4
Kapitalutgifter - reduserte ekstraord. avdrag	-11,0	-21,5	-26,9	-21,4
Kapitalutgifter - auka kostnader		0,8	2,3	4,2
Samferdsle - Sognebåten - mindre innsparing	0,8	0,8	0,8	0,8
Samferdsle - Sognebåten - auka innsparingskrav	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8
Kontrollutvalet - auka ramme - ny politisk samansetnad	0,2	0,2	0,2	0,2
Ubalanse etter a.dok 3	-8,3	-12,9	-38,0	-57,3

«Førebels salderingsskisse viser at vi førebels har «eit overskot» på 8,3 mill. kr i 2017 aukande til 57,3 mill. kr i 2020. For 2017 og 2018 meiner fylkesrådmannen at det er realistisk å få balanse mellom inntekt- og utgiftsnivået.

I 2019 og 2020 er situasjonen meir usikker, sjølv om salderinga no viser overskot. Dette må sjåast i samanheng med føresetnadane for økonomiplan som fylkesrådmannen har omtalt i punkt 2. Der vert det peika på at over 100 mill. kr årleg i samla inntektsauke/utgiftsreducerande tiltak er svært usikre for oss frå 2019.

På bakgrunn av dette, samt ev. nye føresetnader i m.a. kommuneproposisjonen og tertialrapport 1/16, tek fylkesrådmannen sikte på å gjere ein heilskapleg vurdering av økonomiplanrammene i økonomiplansaka i juni.».

3 GRUNNLAG FOR PRIORITERINGANE

Som grunnlag for prioriteringane vert det generelt vist til framlagt materiale i arbeidsdokument 3/16.

Samledokument av ferdigstilte utgreiingar, samandrag og utgreiingar, følgjer som vedlegg 1 og 2. Sektoren si spesifikke utgreiing har utgreiingsnummer 45, og folkehelse har utgreiingsnummer 51.

I tabellen nedanfor er det satt opp kva som er innarbeidd i økonomiplanen i høve salderingsstrategi nr. 3, utgiftsreducerande tiltak på sektornivå:

- Sum vedteke innsparingstiltak etter arbeidsdokument 3/16 pr. sektor
- Ufordelt innsparingskrav pr. sektor.

	2017	2018	2019	2020
Innsparingstiltak øk.plan 2017-2020				
Politisk styring, plan og forvaltning				
<i>Politisk styring og forvaltning</i>	-18,7	-18,7	-30,0	-30,0
Uspesifisert innsparingskrav	-0,1	-0,1	-10,0	-10,0
<i>Plan</i>	-1,7	-1,7	-1,7	-1,7
Uspesifisert innsparingskrav plan	-0,8	-0,8	-0,8	-0,8
Opplæring	-23,2	-35,0	-60,2	-60,2
Uspesifisert innsparingskrav		-4,5	-25,1	-20,4
Tannhelse	-5,5	-11,0	-11,0	-11,0
Uspesifisert innsparingskrav	-3,2	-8,7	-8,7	-8,7
Næring og kultur	-16,4	-16,4	-16,4	-16,4
Uspesifisert innsparingskrav næring	-4,0	-4,0	-4,0	-4,0
Uspesifisert innsparingskrav kultur	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Samferdsle	-49,8	-39,3	-55,3	-55,3
Uspesifisert innsparingskrav	-0,8	-9,7	-16,8	-16,8
Sum sektorinnsparingar	-115,3	-122,1	-174,6	-174,6
Herav attståande uspesifisert innsparingskrav	-9,3	-28,2	-65,8	-61,1

Samla viser tabellen at sektorrammene er redusert med om lag 175 mill. kr frå 2019. Av dette beløpet er det ikkje knytta konkrete tiltak til om lag 66 mill. kr. Utgreiingane som no er lagt fram har som føremål å bidra til å spesifisere dette innsparingskravet på konkrete tiltak.

4 ALLEREIE VEDTEKNE INNSPARINGSKRAV

I bestillinga frå finansutvalet er det sagt at hovudutvala også kan vurdere ev. særskilte omprioriteringar i alt vedteke innsparingskrav. Det er føresett at ev. nye tiltak må gje same innsparingseffekt.

I fylkestinget si behandling av økonomiplanen i juni 2015 vart det lagt til grunn følgjande innsparingskrav på samferdslesektoren:

	2016	2017	2018	2019
Samferdsle	-4,8	-49,8	-39,3	-49,3
Kortsiktig tiltak		-45,0		
# 39 Sognebåten	-4,8	-4,8	-4,8	-4,8
# 46 Vinterstenging av vegar			-3,0	-3,0
# 43 Terminalar og venterom			-0,2	-0,2
# 44 FTU-tiltak			-2,2	-2,2
# 40 Ungdomstilbod			-2,3	-2,3
# 38 Bilrufer			-9,4	-14,1
# 39 Kollektiv båt			-4,5	-6,7
# 41 Ferjesamband			-4,0	-6,0
Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar			-8,9	-16,0

Fylkesdirektøren syner til vedlegg 3 og 4 med saksprotokoll frå hovudutvalet for samferdsle si behandling av SFJ 2019-utgreiingane i mai 2015.

Innsparingane er lagt til grunn i gjeldande økonomiplan 2016-2019. I budsjett for 2016 og 2017 er det lagt inn gradvis opptrapping av ruteendringar på båt og buss for å møte innsparingskrava i 2018 og 2019. Øvrige innsparingar i 2017 er saldert mot vegvedlikehald.

I økonomiplanen er det vedteke ei innsparing knytt til Sognebåten på 4,8 mill. kr årleg. Innsparinga var basert på at båten, M/S Brage, trafikkerte ruta. M/S Brage vart sett i drift

sommaren 2015, og etter nokre månaders drift synt erfaringane at passasjerkapasiteten var liten og at komforten ikkje var tilfredsstillande. Som følgje av dette handsama hovudutval for samferdsle i oktober 2015 H S - sak 36/15 « Ny Sognebåt», der det vart vedteke å sette inn ein større båt. Som ein konsekvens av dette vedtaket vert ikkje innsparinga knytt til Sognebåten så stor som føresett, og den er no redusert med 0,8 mill. kr.

Fylkesrådmannen har i si tilråding til finansutvalet sagt at den økonomiske konsekvensen av manglande innsparing får status som urealisert innsparringskrav på samferdslesektoren med 0,8 mill. kr årleg for åra 2017-2020.

Fylkeskommunen har innstilt no Tide Buss AS til kontrakt for drift av bussrutene i Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal og Leikanger frå 19. juni 2017. Dette anbudet vil ikkje påverke føresetnadane til å realisere dei innsparingane som vart lagt til grunn i utgreiingane frå i fjor. Kostnadane med bussdrift i Sogneregionen vert med anbudet noko lågare og dette kan sjåast i samanheng med auka kostnad med ny Sognebåt. Det gjeldande innsparringskravet til Sognebåten kan såleis realiserast ved å sjå dei samla kostnadane til drift av buss og båt i Sogneregionen i samanheng.

Fylkesdirektøren tilrår at det urealiserte innsparringskravet på 0,8 mill. kr vert lagt på teneste 7300 Buss – kjøp av teneste.

Fylkesdirektøren legg ikkje opp til å tilrå særskilte endringar dei andre vedtekne innsparringskrava i samband med denne saka.

Vidare vil fylkesdirektøren gjere merksam på at innsparringskravet mot ikkje ferdige utgreiingar på 8,9 og 16 mill. kr i 2018 og 2019 ikkje vere mogleg å realisere mot utgreiinga #45 – Framlegg til driftsstandard på fylkesvegnettet. Dette fordi det innsparingar må fasast inn i samband med utlysing av nye driftskontraktar. Det vert synt til utgreiing #45 for detaljar knytt til tidspunkt for innfasing av innsparingar.

Det vil vere krevjande å finna andre innsparingar som kan gje same effekt allereie i 2018 og 2019.

Hovudutvalet kan i sitt vedtak i denne saka ev. vurdere ein eigna måte å gjere merksam på at innsparringskravet - uansett nivå på driftsstandard, ikkje kan gjennomførast så raskt som det er lagt til grunn i gjeldande økonomiplan.

5 KORT OM UTGREIING – FRAMLEGG TIL DRIFTSSTANDARD PÅ FYLKESVEGNETTET (#45)

Det vart sett ei utgreiingsramme på omlag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket. Utgreiinga syner eit innsparringspotensiale på 34 mill. kr i 2023. Dei økonomiske vurderingane er utfordrande, då prising av ulike prosessar varierer mykje mellom kontraktane. Forholdet mellom rund sum og mengdebaserte kostnader varierer også. Det er i tillegg uvisse knytt til korleis entreprenørane vil vurdere endringar i driftsstandard og deira strategiske vurderingar knytt til prising av desse. Det vurderte innsparringspotensialet er difor å sjå på som eit mogleg innsparringsnivå med stor uvisse.

6 KORT OM UTGREIING – FOLKEHELSEARBEIDET I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE (#51)

I samband med omstillingsprosjektet SFJ 2019 er det lagt fram fleire sektorovergripande utgreiingar. Det er lagt opp til at utgreiing # 51 Folkehelsearbeidet bør handsamast i alle hovudutvala. Dette fordi fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid femnar om oppgåver som soknar til alle hovudutvala sitt ansvarsområde. I tillegg gjer tannhelsetenesta eit viktig førebyggjande tiltak innan folkehelse, og det er følgjeleg ønskjeleg med ei brei drøfting rundt denne utgreiinga om folkehelse.

Fylkeskommunen har i følgje utgreiing #51 eit innsparringspotensiale på kr 3,3 mill. kr ved å endre innretning på folkehelsearbeidet. Dette inneber mellom anna avviking av tilskotsordninga for

folkehelsekoordinator i 22 kommunar i fylket. Kommunane er blitt varsla om endringa, og det er frå og med 2017 allereie innarbeidd ein reduksjon på 3,1 mill. kr (i gjeldande økonomiplan).

7 AGENDA 12. MAI

Det er lagt opp til slikt program for den politiske aktiviteten 12. mai:

10:00: Opplæring av folkevalde og fellesorienteringar

Økonomi/budsjett og kommuneproposisjon 2017 (45 minutt)

Vidaregåande opplæring i skule og bedrift (45 minutt)

SFJ 2019 - nye utgreiingar, (60 minutt)

12:30: Lunsj

13:30: Møte i hovudutvala

Det vert elles sendt ut eiga innkalling til 12.05.

Det er vidare lagt opp til slik framdrift i økonomiplansaka:

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
24.05.2016	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
31.05.2016	Hovudutvala si handsaming	HU	
01.06.2016	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
14/15.06 2016	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår vidare at urealisert innsparing på 0,8 mill. kr knytt til ny Sognebåt vert lagt til teneste 7300 Buss – kjøp av teneste i 2017 og i økonomiplanperioden.

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutval for samferdsle behandlar utgreiingane «Framlegg til driftsstandard på fylkesvegnettet (#45)» og «Folkehelsearbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune (#51)» Utgreiingane er lagt fram utan administrativ tilråding.



Kun ikke vis det kobbede bilde. Filen kan være flyttet, ha blitt tatt vekk eller være slettet. Fortsatt er koblingen påker tilgjengelig og plassert.

HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE

Saksnr.: **Møtedato:** **Arkivsaksnr.:** **L.nr.:**
18/16 12.05.2016 16/3750 13847/16

Sakshandsamar: Oddveig Hove

Handsaming i organ	Møtedato	Saksnr.
Hovudutval for samferdsle	12.05.2016	18/16

Skriv og melding til Hovudutval for samferdsle 12. mai 2016

- 1: Innspel til KVV Rv.7/Rv.52 Gol-Voss
- 2: 2016.04.17. Om Statens Vegvesen si systematiske sløsing med offentlige kroner mellom Byrkjelo og Grodås
- 3 : Fv 553, Ekstrakostnader for fylkeskommunen som fylgje av manglande ferjelem på Skorpa
- 4: Valre vegers pris 2016

- 1: Innspel til KVV Rv.7/Rv.52 Gol-Voss
- 2: 2016.04.17. Om Statens Vegvesen si systematiske sløsing med offentlige kroner mellom Byrkjelo og Grodås
- 3 : Fv 553, Ekstrakostnader for fylkeskommunen som fylgje av manglande ferjelem på Skorpa
- 4: Valre vegers pris 2016

